

## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, Møterom 1
<b>Dato:</b>	28.05.2019
<b>Tid:</b>	14.15 – 17.25

**Medlemer som møtte:**

Gerhard Furø	Leiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

**Forfall:**

Ove Kåre Remøy	Medlem	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

**Varamedlemer som møtte:**

Mette Lokna Nedreberg		I sakene 11-15.
Gunnar Sævik		
Malene F. Remøy		

**Frå Vest kontroll møte:**

Jostein Støylen	Dagleg leiar	


**Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:**

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

**Frå Herøy kommune møte:**


Olaus-Jon Kopperstad	Rådmann	I sak 17
Geir Egil Olsen	Økonomisjef	I sak 17
Merethe Grunnan	Økonomikonsulent	I sak 17

Gerhard Furø  
LeiarOddbjørg Remøy  
Medlem



**SAKLISTE**

- SAK 11/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLL
- SAK 12/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 13/19 MELDINGAR
- SAK 14/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 15/19 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018
- SAK 16/19 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018
- SAK 17/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT TILSYN  
OG OPPFØLGING - BARNEVERN
- SAK 18/19 ULIKE INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/19	033	29.03.2019	22.05.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Oddbjørg Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	049	29.03.2019	22.05.2019	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.02.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 20.02.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/19	033&17	08.05.2019	22.05.2019	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### Vedlegg

1. Frå bladet «kommunerevisoren 1-2019 «Løft blikket!»».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/19	033&58	29.03.2019	22.05.2019	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>


### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Formannskapet

**12.02 12.03 30.04**

Kommunestyret

**21.02 21.03 09.05**



Administrasjonsutvalet	14.05			
Arbeidsmiljøutvalet	11.03	14.05		
Eldrerådet	11.02	11.03	08.04	06.05
Klageutvalet				
Plan og byggenemnd	20.02	15.03		
Valnemnd	21.02			
Valstyret				
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	26.03	08.05		
Ungdomsrådet	20.02	27.03	24.04	
Maritim og teknisk komite	11.02	11.03	08.04	06.05
Komite for næring, kultur og idrett	14.02	07.03		
Komite for helse og omsorg	13.02	13.03	08.05	
Komite for oppvekst	13.03	30.04		
Nemnd for vilt, fiske og friluft	28.02	09.05		

Herøy Kulturhus  
 SSR IKS STYRE  
 SSR IKS RE

Sendt til leiar  
 Sendt til leiar

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/19	216	13.05.2018	22.05.2019	KS/JS

## REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har ut frå dei opplysningane som ligg føre ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2018.

### Vedlegg

1. Revisjonsrapport 2018 frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. B- dokument.  
**(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk)**

### Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen, og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleva § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»


Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:



(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)


1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor, jf. RF §11  
*Krava her er fylgt opp.*
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg, jf. RF §12  
*Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.*
3. Dokumentasjon av revisor si uavhengigheit, jf. RF §15  
*Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for året.*
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet, jf. RF §13 og §14.  
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.  
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit  
fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom  
erfaring med revisjonen og orienteringar i møte, samt kontroll på revisjonseininga  
frå Norges kommunerevisorforbund.  
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, dokument om revisjonen sitt arbeid  
med finansiell revisjon for året 2018.  
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har  
gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn, og vil berre  
vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira «på-sjå» ansvar ovanfor  
revisjonen.  
Ved å gå igjennom konklusjonsmomenta på kvart område i dokumentet får ein god  
oversikt.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.  
*Det er inngått avtale mellom kontrollutvalet og revisjonen. Denne gjeld frå  
01.01.2015.*
7. Revisjonsstrategi.  
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for året. Denne var til  
behandling/orientering i kontrollutvalssak 39/18.*
8. Nummerert brev, jf. RF §4  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Mislegheiter, jf. RF §§ 3 og 4, KF §8  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter for året..*
10. Revisjonsmeldinga, jf. RF §5  
*Revisjonsmelding, datert 30.04.2019.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett, jf. RF §19, KF §19.  
*Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt, jf. RF §20.  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som  
kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

### **I møtet**

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang orientering og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll. Møtet lukka kl. 14.30

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang. Kl. 15.15.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/19	212	13.05.2019	28.05.2019	JS

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 30.04.2019.
2. Kontrollutvalet meiner at Herøy kommune sitt årsrekneskap som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 674.188 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk kr 11.183.796, og som er sett saman av balanse per 31.12.2018, og driftsrekneskap som viser at kommunen totalt har hatt kr 518.789.882 til disposisjon, men har fordelt/brukt kr 507.606.086 på rammeområda, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.

### Vedlegg:

- Rekneskap 2018, med revisjonsmelding, motteken 10.05/13.03.2019.
- Årsmelding 2018, motteken 07.05/13.03.2019.

### Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding (side 67 i rekneskapsdokumentet), rekneskap og årsrapport for 2019.

Rekneskapen av avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11.183.796 (Kr 10.059.561 i 2017).

### Revisjonsmeldinga

(Ligg ved til slutt i rekneskapsdokumentet)

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2018 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:


Budsjett:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
- Beløpa årsrekneskapen viser avvik i høve til regulert budsjett på fleire avdelingar. Dei fleste avdelingar har betydeleg med meirinntekter som har blitt brukt til dekking av meirforbruk.
- Investeringsrekneskapen viser fleire prosjekt som manglar budsjett eller har overskridingar.

Årsmelding:

- Opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Registrering og dokumentasjon



- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### **Rekneskapen**

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innholdslista finn ein på side 2.

Notane «1 til 22» frå side 14 gir veldig gode forklaringar/informasjon.

Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

### **Årsrapport**

Innholdsliste side 1, 2 og 3.

Viser særleg til:

- 2.2 Kommunal økonomi side 5 og 62.
- Investeringsiltak frå side 45.
- Sjukefråvære side 26, som viser auke siste åra.

Etter kommunelova § 48 nr 5 skal det årsmeldinga opplystast om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet for verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen. Dette er til ei viss grad følgt opp. Det er og eit krav at det i årsrapporten skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagde tiltak for å sikre høg etisk standard for verksemda. Meir utfyllande kommentar om erfaringa bør kome med i neste årsmelding. Viser her til pkt. 4.12 side 11.

Årsrapporten har også forbettringspotensiale med omsyn til informasjon, særleg når det gjeld årsaka til meirforbruk.

Viser elles til sjølve årsmeldinga.


### **Avslutning**

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

### **I møtet**

Rådmann og økonomsjef orienterte og svara på spørsmål.

Mette Lokna Nedreberg fekk permisjon ( kl. 15) og gikk frå møtet under denne saka.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/19	217	21.05.2019	28.05.2019	KS

## OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tilsyn og oppfølging – Barnevern til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefaling 5 innan 10.09.2019.

### Vedlegg

1. Tilbakemelding frå Herøy kommune – status for gjennomføring av tilrådingar. Datert 30.04.2019
2. Kommunestyresak PS 11/19 (kontrollutvalssak 37/18) Forvaltningsrevisjonsprosjekt Tilsyn og oppfølging – barnevern.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande talet på oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande tal på tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere uavhengighetserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidligare forvaltningsrevisjon (2016) jfr K- sak 196/16.


### Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 14/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tilsynsordninga i barnevernet. Kontrollutvalet gjorde si tilråding til kommunestyret i sak 37/18 og kommunestyret sitt vedtak i sak PS 11/19.


Oppstillinga nedanfor viser kommunestyret sine vedtak for handlingar, rådmannen si tilbakemelding og revisjonen sine kommentarar til desse:

Kommunestyret sine vedtak for handlingar i sak PS 11/19 av 31.01.2019.	Rådmannen si oppfølging, datert 30.04.2019	Tilbakemelding frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon, datert 13.05.2019
<b>1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava:</b>	<p>Alle borna som bur i Herøy kommune har tilsynsførar og alle har tilsynsførar det fungerer godt med. Per 31.12.2018 har Herøy kommune tilsynsansvar for 11 born.</p> <p>Alle borna som Herøy kommune har tilsynsansvar for og som har budd i kommunen heile 2018 har hatt dei lovpålagte tilsyna. Dei som har flytta i perioden har av den grunn ikkje hatt 4 tilsyn.</p>	Ut i frå tilbakemeldinga går det fram at kommunen har stetta minimumskrava både for barnevernet sine eigne og oppfølgingsbesøk og i høve tilsynsførar i 2018.





	<p>Ein har i fagprogrammet ein «Plan for tilsyn av barn under omsorg» der barnevernstenesta på kvart tilsynsborn registrer: planlagt, gjennomført og status på tilsyna.</p> <p>Ved gjennomgang av planen sender ein ut brev til alle tilsynsførarar påminner dei om 4 tilsyn årleg.</p>	
<b>2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna være til stades.</b>	<p>Alle born som er under omsorg av Herøy kommune har fått dei lovpålagte oppfølgingsbesøka i 2018. Barnevernstenesta har ansvar for å følgje opp våre born under omsorg. Ein har fokus på å planlegge besøk i godt til og legge til rette for at alle fosterborna er til stades ved å avtale oppfølgingsbesøka på dagar/tidspunkt som passer borna best.</p> <p>Ein har i fagprogrammet ein «Plan for tilsyn av barn under omsorg» der barnevernstenesta på kvart tilsynsborn registrer: planlagt, gjennomført og status på oppfølgingsbesøka i fosterheimen.</p> <p>Det blir også dokumentert på oppfølgingsbesøket i barnet sitt journal der det vil gå fram kven som var tilstades.</p>	<p>Det går fram av kommentaren at kommunen har skriftelege rutinar og praksis som skal sørgje for at anbefalinga blir følgt, men det er ikkje mogeleg ut i frå tilbakemeldinga å konkludere i høve dette.</p>
<b>3. Kommunen må sørge for at alle born ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredsstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.</b>	<p>Viset til punkt 1.</p>	<p>Ut i frå tilbakemeldinga går det fram at kommunen har stetta minimumskrava både for barnevernet sine egne og oppfølgingsbesøk og i høve tilsynsførar i 2018.</p>
<b>4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht. Rapportskriving.</b>	<p>Barnevernstenesta i Herøy og Vanylven har 01.01.2019 inngått eit samarbeid der Herøy kommune er vertskommune. Barnevernstenesta planlegg eit felles kurs med tilsynsførarane i begge kommunane i løpet av hausten. Her skal ein nytte opplæringsmodular frå Bufdir som grunnlag for temakvelden.</p>	<p>Kommunen har planlagt felles kurs med tilsynsførarane i samarbeid med Vanylven kommune. Kommunen ser derfor ut til å ha sett i verk tiltak for å imøtekomme anbefalinga</p>
<b>5. Kommunen må innhente uavhengighetserklæring og politiattest av også tidligare tilsynsførarar.</b>	<p>Det er sendt ut skriv om dette til alle tidligare tilsynsførarar. Barnevernstenesta har pr. dato fått inn frå fleire, men ikkje alle. Dette blir følgt</p>	<p>Kommunen har sett i verk tiltak for å imøtekomme anbefalinga, men arbeidet er</p>



	opp.	ikkje ferdig
--	------	--------------

**Konklusjon**

Kommunen har følgd rimeleg opp kommunestyret sine vedtak i pkt. 1, 2, 3 og 4. Det er godt på veg til oppfølging av pkt. 5. Ein ber likevel vel om ei tilbakemelding når arbeidet er ferdig og seinast innan 10.09.2019.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	030&18	21.05.2019	28.05.2019	JS

**ULIKE INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET****Samrøystes vedtak**

- 1.Kontrollutvalet viser til innkomne innspel, jf. vedlegga 2 og 4.
- 2.Kontrollutvalet meiner at kontrollutvalsleiaren sin kommentar til Folkelista sin interpellasjon i kommunestyret den 09.05.2019 gir dei svar ein no har høve å gi på dei innkomne innspela.
- 3.Kontrollutvalet vil vurdere ein forvaltningsrevisjon på området personalforvaltning i plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.
- 4.Kontrollutvalet er takksame for innspel som kan føre til kontrollar som gjer at kommunen blir betre.

**Vedlegg**

- 1.Kontrollutvalssak 28/18. Ethiske prinsipp - orientering
- 2.Brev frå Bjørn Martin Aasen av 13.02.2019
- 3.Frå Vestlandsnytt 03.05.2019. Innlegg v/Bjørn Martin Aasen
- 4.Interpellasjon til kommunestyret v/Folkelista v/Kjell Runde
- 5.Kontrollutvalet til kommunestyret. Kommentar til interpellasjon frå Folkelista. 09.05.2019
- 6.Vestlandsnytt 14.05.2019 Kontrollutvalet: - Veldig alvorlege påstandar

**Saksopplysningar**


Ein viser til vedlegga, og særleg til vedlegg 5 som leiaren i kontrollutvalet framførte for kommunestyret den 09.05.2019 er ei viktig klargjering for rolla til kontrollutvalet når dei får ulike innspel:

**«Tilhøvet mellom kontrollutvalet og andre kommunale organ - synleggjering av kontrollutvalet på nettet**

Kontrollutvalet er eit organ som i sitt arbeid med eigenkontroll ikkje driv politikk. Det er kommunestyret sitt arbeidsutval med ei særskild oppgåve om å utføre uavhengig eigenkontroll i kommunen.

Etter kontrollutvalsforskrifta (§ 20) skal sekretariatet vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og sekretariatfunksjonen kan heller ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Sekretariatet er kontrollutvalet sin viktigaste hjelpar. Sekretariatet legg vekt på at verksemda skal vere uavhengig og objektiv, sakleg og nøytral. Det er sekretariatet som til vanleg utfører all administrasjon for kontrollutvalet. Utvalet har ingen sjølvstendig administrasjon, for eksempel til utarbeiding og vedlikehald av nettstad. Dette er sekretariatet si oppgåve for



dei kommunane som inngår i samarbeidet om tilsyn og kontroll. Utvalet har ut frå dette heller ikkje eiga separat heimeside.

Vi er takksame for innspel om korleis denne kunngjeringsforma kan gjerast betre, både i form og innhald og tankane omkring dette vil bli fylgde opp.

Årsaka til at opplysningane om kontrollutvalet er under heimesida til Vest kontroll er at det er sekretariatet som oppdaterer opplysningane på vegne av utvalet. Konstruktiv tilbakemelding vert sett pris på – så dette skal vi drøfte med rådmannen/kommuneadministrasjonen for å gjere betre tilgjengeleg. Men det er samtidig viktig å oppretthalde utgangspunktet om at utvalet skal vere uavhengig.

### **Kontrollutvalet sitt arbeid**

Synspunkta på kvaliteten av kontrollutvalet sitt arbeid har nær samanheng med både kva rolle utvalet har og kva saker utvalet ut frå ulike omsyn finn å ville prioritere. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Det skal heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som folkevalde organ gjer eller vurdere om politiske eller administrative vedtak er hensiktsmessige eller ikkje. Nettopp dette står i kontrolluvalsforskrifta § 4 som innsendaren viser til. Det heiter elles at kontrollutvalet ikkje skal vere ein stad for «omkamp» om eit fleirtalsvedtak. Men utvalet har ein uttalerett og har ein styrke i den uavgrensa innsynsretten som utvalet kan gjere seg nytte av. Denne må sjåast i samanheng med teieplikta.


Det er påstand at kontrollutvalet ikkje gjer jobben sin slik ein kan få tillit til arbeidet dei gjer.

Det er kommunestyret sitt fleirtal som har vald kontrollutvalet. Det er då også kommunestyret som evt. må avsetje kontrollutvalet om dei ikkje har tillit til det arbeidet som vert utført.

### **Tilhøvet til personalsaker**

Kontrollutvalet praktiserer meiroffentlegheit med openheit om alt som kan vere opent. Innkallingar, sakliste, saker og møteprotokollar vert lagt på heimesida til utvalet. Så er det slik at ikkje alle saker og saksdokument kan offentleggjerast. Her kjem lovverket inn, mellom anna offentleglova og forvaltningslova som ikkje kan brytast. Om formannskapet og kommunestyret ynskjer informasjon i personalsaker så må det takast opp med rådmannen som må ta avgjer om det er mogleg ut frå gjeldande lov og regelverk. Retten til å ytre seg kritisk tilkjem alle, Folkelista så vel som andre, også gjennom pressa. Men det er diverre ikkje alltid dei som kritiserer kjenner sakene godt nok – særleg ikkje når det handlar om saker som offentlege organ må handsame med varsemd grunna lovfesta teieplikt. Det er difor underleg at person(ar) som skriv i avisa og kritiserer kontrollutvalet gjer dette med grunnlag i kunnskap om personalsaker i kommunen. Er det nokon som har brote teieplikta med å leke til denne personen(ane eller er det tilsette sjølve som brukar denne personen i staden for eller i tillegg til fagforeininga eller tenesteveg. Ein må forvente at personen/personane sjølve tok kontakt med leiaren i kontrollutvalet eller sekretariatet Vest kontroll. Det høyrer neppe inn under trygg sakshandsaming å kalle inn tredjepersonar for å få informasjon om andre sine personlege tilhøve. Personalsaker ligg dessutan under rådmannen. Kontrollutvalet kan ha ei rolle dersom slike administrative rutinar sviktar.

Dersom det kan godtgjerast at rådmannen/administrasjonen har gitt kontrollutvalet urett informasjon, så er det sjølvsagt noko som eit utval vil vurdere å gå vidare med. Informantar må i ein slik situasjon gjerne legge fram nærare opplysningar som er etterviselege.



Om kontrollutvalet skal sjå nærare på kommunen si personalforvaltning i ei eller anna form er noko ein vil vurdere opp i mot andre viktige prosjekt når ein for neste valperiode skal utarbeide og vedta ny plan for forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sett i lys av dette er innspelet frå Folkelista v/Runde bra.

### **Lojaliteten i den kommunale forvaltninga**

I uttalen som er motteken vert det hevda at tenestemenn opptre illojalt til skade for andre personar.

Kontrollutvalet eller sekretariatet kjenner ikkje til slike tilhøve som kan innebere brot på lov, avtale eller etiske retningsliner. Vi er samd med Runde at dette er ei oppgåve for rådmannen å ordne opp i, om slikt er tilfelle, for det skal ikkje førekome og kan ikkje akseptrast. Dersom Rune kjenner til slikt i kommunen ber vi om at han legg det fram med skriftleg dokumentasjon for kontrollutvalet snarast, så vil det bli behandla.

Vi minner her også om varslingsmuligheita etter krava i arbeidsmiljølova. Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve i kommunen dersom det ligg føre eit forsvarleg grunnlag for det. Kommunen skal ha eigne rutinar for slik varsling og varslaren er etter lova verna mot gjengjelding.

### **Synleggjering av kontrollutvalet m.m.**

Vi er samd i at det er viktig at kontrollutvalet er synleg. Og sjølv sagt må folk ta kontakt, det er bra. Men utvalet er ikkje klageinstans i enkeltsaker etter forvaltningslova. Ein prioriterer difor gjerne å sjå på system og ikkje enkeltsaker. Men enkeltsaker kan gi god informasjon for breiare kontroll av kommunen sine interne rutinar.

Vi vil og gjere merksam på at kontrollutvalet si rapporteringsplikt til kommunestyret. Denne går fram av kommunelova § 77 nr. 6. Før slik rapport vert send vert den framlagd for administrasjonssjef/rådmann til uttale som vert med send ved den vidare behandlinga.»


### **Oppsummering:**

- Innspel er viktig for at kontrollutvalet og sekretariatet skal blir betre/flinkare
- Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan for enkeltsaker etter forvaltningslova
- Opplysningar ein får inn om enkeltsaker kan gi innspel til større undersøkingar og/eller forvaltningsrevisjonar på området
- Kontrollutvalet må vere varsame med opplysningar som kan offentleggjerast m.o.t. teieplikta. For eksempel personalsaker utvalet får kjennskap til
- Kontrollutvalet viser til arbeidsmiljølova sin reglar for varsling av kritikkverdige tilhøve
- Legg kommuneadministrasjonen fram opplysningar som er direkte feil og kan dokumenterast bør kontrollutvalet får vite det
- Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret
- Kontrollutvalet vil ta med seg innspelet om å sjå nærare på kommunen si personalforvaltning når det skal lagast ny plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode. Men dette må då vurderast opp mot andre viktige område for gjennomgang som vil kome fram i samband med utarbeiding av overordna analyse

Svar til Bjørn Martin Aasen:

Bjørn Martin Aasen hadde forventa tilbakemelding på sine innspel.

Som det går fram ovanfor rapporterer kontrollutvalet til kommunestyret og ikkje til enkeltpersonar. Aasen burde likevel ha fått tilbakemelding om at ein har motteke hans innspel og korleis dette vil bli behandla. Sekretariatet beklagar at melding ikkje er sendt.



Når det gjeld tilhøve Aasen har peika på i sitt brev av 13.02.2019 viser ein til notatet som leiaren i kontrollutvalet framførte for kommunestyret den 09.05.2019, som også gjeld for tilhøve som Aasen har peika på.

Kontrollutvalet må sjølve ta standpunkt til om ein no skal gå vidare i dei påpeka tilhøve eller om ein skal vurdere personalområdet og saksbehandlinga der som eit mogleg forvaltningsprosjekt når ny plan for forvaltningsrevisjon skal lagast for komande planperiode

### **I møtet**

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til konfidensielle spørsmål, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang orientering og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet. Jf. Kommunelova § 31, nr. 4. (Kl. 17.00)

Møtet vart opna igjen etter orienteringar og spørsmålsstillinga. (K 17.20).

Kontrollutvalet gjer merksam på at dei har bestilt ein forvaltningsrevisjon på pleie og omsorgsområdet som revisjonen no er i gang med. Dette blir det siste forvaltningsprosjektet som er bestilt frå noverande kontrollutval.

### **SAMTALE MED RÅDMANNEN**

Kontrollutvalet gjorde i møtet rådmannen merksam på at det er innkomne meldingar om at personar ikkje får svar på skriftlege henvendingar til kommunen. Rådmannen svara at dette ikkje skal skje, det er forvaltningslova som gjeld. Han vil ta dette opp med sine medarbeidarar og sørge for at gjeldande lovverk vert følgd.

### **Møtet slutt.**

**Møteprotokollen går til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Rådmann til orientering.  
Ordfører til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.